

Til HFK

Mrk 2017/4336

Hauge 19.10.17

Innspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029

**Iddspelet gjeld gang- og sykkelveg langs fv 567, Loftås-Hauge (Osterøy).**

Hauge grendaråd ynskjer å oppmode om å prioritere midlar til bygging av gang- og sykkelveg langs fv 567 Loftås- Hauge.

Det vart i 2011 starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg for fv 567 Loftås- Hauge. Denne planen var ferdig godkjent sumaren 2013 (Plan-ID: 12532012002). ROS-analyse visar at vegen er kritisk farleg for gåande og syklande. I skala frå 1-6 er denne kategorisert til 5, raud kategori - «uakseptabel risiko».

**Skuleveg:**

2013/16 blei Hauge skule nedlagt, og elevane i Hauge krins har sidan då hatt Valestrand skule som sin nærskule. Det er ca. 4 km mellom Hauge og Valestrand skule, men det er ikkje forsvarleg for mjuke trafikantar å ferdast langs deler av denne vegen. Trafikkmengda er aukande grunna elevtransport, bustadutbygging, næringsverksemder og gjennomgangstrafikk til bru og ferje.

**Vegvesenet vurderer *uakseptabel risiko* for gåande og syklande:**

Statens vegvesen nemner fleire risikomoment i reguleringsplanen:

- Varierande vegbreidde (ikkje midtstripe som skil trafikken)
- To lange rettstrekk som mogleggjer høg fart
- Vegkurvatur som medfører risiko for alvorlege ulykker
- Fleire uoversiktlege avkøyrlar.

I tillegg

- Denne strekninga er heilt utan sikring for gåande og syklande.
- Få veglys, fleire lange strekk som er heilt mørke gjennom hausten og vinteren.
- Ingen vegskulder å gå på, ein er tvungen til å gå i vegbana.
- Ved snø og brøyting er det ingen moglegheit for å gå ut av køyrebana.
- Strekninga er ulykkesbelasta, og me kjenner til at det har vore personskadar.
- Det er ingen fotgjengarovergangar.
- Det er godt kjent i lokalmiljøet at dette strekket er farleg, og ikkje eigna for gåande.
- Det siste året har det vore trafikkulukker på vegstrekket.

Etablering av gang- og sykkelveg mellom Loftås-Hauge (1,5 km) vil føre til at en får ein samanhengande gang- og sykkelveg mellom Valestrand og Hauge (områdesenter), dette vil førebyggje ulykker og bli eit trafikksikkert tilbod for mjuke trafikkantar.

**Universell utforming:**

Med samanhengande gang- og sykkelveg vil det bli lettare og tryggare å ta seg fram langs vegen for alle.

Osterøy tunet (sjukeheimen) ligg like ved, og gang – og sykkelvegen vil gjere det mogeleg for eldre og for dei med nedsett funksjonsevne til brukte denne som turveg då denne er prosjektert i tråd med universell utforming.

**Områdesenter Hauge – Valestrand:**

Kommuneplanen definerer området Hauge Valestrand som eitt områdesenter, gang og sykkelveg vil styrkja arbeidet med å knytte Hauge/Valestrand saman og vidareutvikla til eit meir samanhengande områdesenter som er mindre bilbasert.

Gang- og sykkelveg mellom Loftås-Hauge vil ha samfunnsnytte ut over det å sikre liv og helse.

Me ber om at innspelet vårt blir tatt med til vidare vurdering for tildeling av midlar for gang- og sykkelveg.

Venleg helsing

Hauge Grendaråd

Leiar Åshild Rød